

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/23	Eldrerådet	PS	16.02.2023
006/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	16.02.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/517

Nedlegging av minibank i Lonevåg

Leiar for råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt framlegg til vedtak:

Osterøy Heradsstyre anerkjenner kontatar som gyldig betalingsmiddel. Fråvær av minibank/nattsafe i Lonevåg vil gje ekstra utfordringar for innbyggjarar, turistar, lag og organisasjonar og industri/næringsliv. Heradsstyret vil på det sterkaste oppmoda Sparebanken Vest til å oppretthalde tilbodet med minibank og nattsafe i Lonevåg.

Eldrerådet - 006/23

ELD - behandling:

Møteleiar sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Rådet rår til å oppretthalde innskotsmaskinen i Arna."

ELD - vedtak:

Osterøy Heradsstyre anerkjenner kontatar som gyldig betalingsmiddel. Fråvær av minibank/nattsafe i Lonevåg vil gje ekstra utfordringar for innbyggjarar, turistar, lag og organisasjonar og industri/næringsliv. Heradsstyret vil på det sterkaste oppmoda Sparebanken Vest til å oppretthalde tilbodet med minibank og nattsafe i Lonevåg.

Rådet rår også til å oppretthalde innskotsmaskinen i Arna.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 006/23

RFF - behandling:

Møteleiar sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Rådet rår til å oppretthalde innskotsmaskinen i Arna."

RFF - vedtak:

Osterøy Heradsstyre anerkjenner kontatar som gyldig betalingsmiddel. Fråvær av minibank/nattsafe i Lonevåg vil gje ekstra utfordringar for innbyggjarar, turistar, lag og organisasjonar og industri/næringsliv. Heradsstyret vil på det sterkaste oppmoda Sparebanken Vest til å oppretthalde tilbodet med minibank og nattsafe i Lonevåg.

Rådet rår også til å oppretthalde innskotsmaskinen i Arna.

Saksopplysningar:**Saksopplysningar:**

Vi er gjort kjent med at minibanken i Lonevåg er planlagt og legge ned i løpet av året. Leiar for rådet synest dette er ille. Nedlegging av minibank/nattsafe har også vore oppe som sak i Bjørnefjorden Kommunestyre. Der oppfordrar dei bankar og andre aktørar om og få opp att dette tilbodet.

Stortinget gjorde i 2016 vedtak om at kontantar er gyldig betalingsmiddel og regjeringa har presisert dette i 2022. I beredskapssamanheng er det også teke til ordet for at vi bør ha ein del kontantar liggande, dersom det skal skje noko med det digitale moglegheiter til betaling.

På den bakgrunn har leiar for rådet følgjande forslag til vedtak i råda